

STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

22.12.2021

Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 175 nynorskpraktikantar. 58,9 prosent av dei arbeider i media. 39 prosent er i NRK, 13 prosent arbeider i avis/nett og 7 prosent i andre media. Om lag 15 prosent arbeider med informasjon, språk og reklame.

Kull 35 skal i ekstern praksis i januar, samstundes som kull 36 byrjar på opplæringa i Førde. Mediesenteret held samstundes fram med å halde nynorskkurs og koordinere fadderordninga for nynorsk i NRK.

Innhald

| | |
|---|----|
| Leiaren oppsummerer | 2 |
| Heile leiargruppa på nynorskkurs..... | 4 |
| Arian var med og leia «P3aksjonen»..... | 5 |
| «Ferskingar» fekk kurs i idéutvikling | 6 |
| Prisdryss til folk frå mediesenteret..... | 7 |
| Suksess med nynorsk fadderordning..... | 7 |
| Nye jobbar andre halvår 2021 | 8 |
| Solid leverandør av dyktige journalistar | 11 |
| Nye kostar på plass for nynorskprisen | 13 |
| Dette er praktikantane på kull 36..... | 14 |
| Kull 35 er klare for ekstern praksis | 15 |
| Kvar blir praktikantane av? | 17 |
| Tre søstertiltak..... | 19 |

Leiaren oppsummerer hausten 2021

Hausten på NRK Nynorsk mediesenter kan oppsummerast i to ord: «Mykje nytt!»

Like før jul reiste kull 35 frå Førde. Medrekna dette kullet, har mediesenteret sendt frå seg 175 praktikantar sidan 2004. Dei utgjorde det første kullet med Rune Fossum Lillesvangstu som leiar, og dei var det første kullet med Eva Marie Felde som faglærar. Det har såleis vore mykje nytt på éin gong sidan oppstarten i august. Samstundes har det vore kontinuitet i opplegget, då Brit Jorunn Svanes har halde fram som faglærar, underteikna har fem års fartstid som faglærar – og Eva Marie Felde er tidlegare praktikant. Eg er såleis nøgd med korleis arbeidet har gått det siste halvåret.



TILSETTE: Rune Fossum Lillesvangstu, Brit Jorunn Svanes og Eva Marie Felde. Foto: Arne Stubhaug, NRK

Det har vore stor aktivitet på mediesenteret. I tillegg til opplæring av fem praktikantar, har Felde vore utleigd til NRK Vestland som reporter i tida etter grunnopplæringa på loftet. Det har tilført desken ein røynd og solid reporter, samstundes som mediesenteret får tilbake ein faglærar som er oppdatert på det siste på alle plattformer. Det er gull verdt for praktikantane på neste kull.

Mediesenteret følgjer dessutan opp strategirapporten som vart utarbeidd hausten 2020. Herunder bidrar vi kontinuerleg til «ung-oppdraget», både i form av unge talent

og måten vi tenkjer opplæringa på. Vi samarbeider stadig tettare med Nynorsk avissenter, og forhåpentlegvis kan vi til våren tilby avisbransjen nye nynorskkurs.

Mediesenteret ser og på moglegheitene for å halde andre typar journalistiske kurs, og ein del av dette var eit pilotkurs for porten.no i Sogndal denne hausten.

Mediesenteret er dessutan involvert i framdrifta for Nynorskhuset i Førde. Eva Marie Felde sit i eit arbeidsutval som skal sjå på samarbeid og innhald, medan Rune Fossum Lillesvangstu sit i styringsgruppa for prosjektet.

Det viktigaste for mediesenteret er og blir opplæringa av ti praktikantar i året

Mediesenteret har halde fram med å kurse NRK-tilsette i nynorsk, og det vil komme fleire kurs utover våren. Vi har også administrert nynorsk fadderordning, der vi har hatt «kull» både i vår og i haust. Tilbakemeldingane er gode, og mange seier dei er inspirerte til å halde fram med å skrive nynorsk.

Men: Det viktigaste for mediesenteret er og blir opplæringa av ti praktikantar i året. Vi ser at det er uvanleg mange tidlegare praktikantar i ulike vikariat i NRK no, og underteikna er uroa over kva som kan komme til å skje når mange av desse går ut til sommaren 2022. Skal NRK klare å stabilisere nynorskdelen på over 25 prosent, meiner eg NRK må satse på å tilsetje fleire nynorskbrukarar i faste stillingar. Her ligg alt til rette om ein brukar NRK sitt eige rekrutteringstiltak endå betre.

Rune Fossum Lillesvangstu, Førde 22. desember 2021

Sluttar med full oversikt

Dette er den siste statusrapporten der vi opererer med tal og statistikk for alle praktikantane heilt tilbake til 2004. Det er nærmest umogleg å halde kontroll på kvar alle dei 175 praktikantane jobbar til ei kvar tid, og vanskelegare vil det berre bli. Difor vil tala aldri vere heilt korrekte. Vi meiner det i staden er meir interessant å rekne på dei siste ti kulla – det vil seie praktikantar dei fem siste åra. Det vil gje eit betre tidsbilete på korleis mediesenteret treffer med opplegget, og såleis bidreg med aktualitet og oppdaterte praktikantar, både til NRK og resten av den moderne mediebransjen.



PÅ TEAMS: Leiargruppa i MDIV på nynorskkurs med Noralv Pedersen og Rune Fossum Lillesvangstu.

Heile leiargruppa på nynorskkurs

Leiarane i Marienlystdivisjonen fekk tre kjekke timar med grunnleggande innføring i nynorsk og gode språkdiskusjonar.

– Kurset var morosamt og nyttig. Vi fekk mange konkrete tips med oss på vegen, seier direktør Vibeke Furst Haugen.

Ho var éin av dei ti leiarane i Marienlystdivisjonen, som i haust var med på nynorskkurs på Teams. Det er det same kurset som om lag 300 medarbeidrarar i NRK til no har vore med på, og som er ein viktig del av arbeidet med å få opp nynorskprosenten. Vibeke Furst Haugen vart tipsa om kurset av språksjef Karoline Riise Kristiansen, og det viste seg at heile leiargruppa ønskte å delta.

– Vi har ein jobb å gjere for å nå målet om 25 prosent nynorsk, og vi treng å auke bruken av – og merksemda rundt – nynorsk i divisjonen vår, seier Haugen.

Kurset er eit samarbeid mellom NRK Vestland, NRK Nynorsk mediesenter og språksjefen i NRK. Kurshaldarane Noralv Pedersen og Rune Fossum Lillesvangstu har halde kurset sidan 2018. Det er første gong dei har hatt berre leiatar på «skulebenken».



Pandemien har sett ein stoppar for den fysiske reiseaktiviteten, men karane har halde fram med å halde kurs i Teams. I vår var det digitale kurs for NRK Sørlandet og direktetekstarane på Marienlyst, og det vart og løysinga for leiargruppa i Marienlystdivisjonen i haust. Planen er å halde fram med nynorskkurs også i 2022.

Arian var med og leia «P3aksjonen»



GJENNOM ELD OG VATN: Arianrhod Engebø vart svimerkt på rumpa under P3aksjonen. Foto: NRK P3

Arianrhod Engebø frå kull 27 var ein av debutantane i årets P3-aksjon.

Saman med Adelina Ibishi, Martin Lepperød og Henrik Farley, var ho med på å samle inn om lag ni millionar kroner til Plan Norge og deira arbeid for å bekjempe barneekteskap i Bangladesh, Nepal, Malawi, Mali og Niger.

– Det har vore utfordrande. Vi skal jo tulle samtidig som vi skal formidle kva pengane går til. Årets sak var jo ganske tung og trist, så det var litt jobb å balansere det og underhaldninga, seier programleiaren.

Gjennom 100 timer med direktesendt radio fekk lyttarane bli med på utfordingane Arian og dei andre programleiarane fekk. Mellom anna vart alle saman svimerkte på rumpa.

Nominerte til «Prix Radio»

Dei tidlegare praktikantane Sigrid Agnetha Hansen og Martha Våge (biletet) vart saman med redaksjonane sine i haust nominerte til prisen som årets nyhende-, sports- eller aktualitets-program i «Prix Radio». Hansen har i eit års tid leia aktualitetsprogrammet «Helgemorgen» på NRK P2 og NRK1. Våge var inntil i haust ein av reporterane i «Dagens» på NRK P1.





PÅ KURS: Rune Fossum Lillesvangstu saman med journalistane i porten.no. Foto: Ola Weel Skram

«Ferskingar» fekk kurs i idéutvikling, vinkling og spissing av saker

– Sidan eg tok over som redaktør i Porten tidlegare i år, er dette noko eg har hatt lyst til å få til, seier redaktør Ola Weel Skram.

Som sagt så gjort - tre ferske journalistar i nettavisporten.no sette seg i haust på skulebenken for å lære om idéutvikling og vinkling av saker. Kurshaldar var Rune Fossum Lillesvangstu frå NRK Nynorsk mediesenter.

– Vi snakkar ofte om mediemangfald og ansvaret NRK har for dette, så då må vi bidra med kompetanse i slike tilfelle, seier Rune Fossum Lillesvangstu.

Ola Weel Skram var praktikant på NRK Nynorsk mediesenter i 2019. No er han redaktør for porten.no, ei regional nettavis for Sogn. Avisa blir lese av over 25.000 brukarar kvar veke, og lesartalet aukar jamt og trutt.

– Eg hadde sjølv gleda av å få mykje av opplæringa mi frå Rune då eg gjekk på NRK Nynorsk mediesenter for nokre år sidan. Eg følte meg trygg på at han kom til å gje ein solid boost til journalistane gjennom dette kurset.

Han understrekar at Porten er ei medieverksemد som på kort tid har tatt inn fleire nye eller uerfarne journalistar. Desse får opplæring i journalistikk med nynorsk som mediespråk. Men Skram trur også andre mediehus kunne ha brukt mediesenteret til liknande kurs og tiltak.

Prisdryss til folk frå mediesenteret

NRK Nynorsk mediesenter var godt representert, då NJ sine prisar for Sogn og Fjordane vart delte ut.



PRISAR: Vinnarane av presseprisane i NRK vart overraska i lunsjen. Frå venstre: Håvard Heggen, Ole André Rekkedal, Wilhelm Støylen, Erlend Blaalid Oldeide og Rune Fossum Lillesvangstu. Foto: Arne Stubhaug, NRK

Journalistlaget sine presseprisar for 2019 og 2020 vart delte ut til sju vinnarar i Sogn og Fjordane. Av desse gjekk fire prisar til journalistar med bakgrunn frå NRK Nynorsk mediesenter.

– Det har vore ei ære å vurdere alle dei gode bidraga til presseprisane i Sogn og Fjordane Journalistlag for 2019 og 2020. Mange av bidraga, som me meiner utmerkar seg, er drivne av nysgjerrigkeit og kjernen i det journalistiske oppdraget – samfunnsansvaret, heiter det i pressemeldinga frå juryen.

Prisvinnarane

Årets nyhendesak

2019: Rune Fossum Lillesvangstu i NRK Vestland (Leiar ved NRK Nynorsk mediesenter).

Open klasse 2019:
Erlend Blaalid Oldeide i NRK Vestland
(Praktikant på kull 4 i 2006).

Årets reportasje

2020: Roger Sevrin Bruland i NRK Utanriks (Praktikant på kull 8 i 2008).

Open klasse 2020: Bli med heim-redaksjonen i NRK, med mellom andre Wilhelm Støylen (kull 16), Raymond Lidal (kull 16) og Stine Kyrkjebø Johansen (kull 17)

Suksess med nynorsk fadderordning

Tilbakemeldingane er gode etter at NRK Nynorsk mediesenter i samarbeid med språksjefen har gjennomført ein ny runde med nynorsk fadderordning i haust. Ein av deltakarane skriv: «For ein månad sidan klarte eg knapt å lese ein tekst på nynorsk. Eg syntest ikkje det var noko gøy i det heile tatt! Men no har eg fått eit heilt anna forhold til nynorsk. Eg har veldig gjerne lyst til å fortsette med det»

Desse fem deltakarane har vore med på nynorsk fadderordning for NRK-tilsette i haust – med fadder: Mathias Hamre (NRK Sørlandet) – Gøril Grov Sørdal, Ingrid Ciakudia-Moxnes (P3) – Vegard Tjørhom, Tone Ollestad (Direktetekstar) – Marita Solheim, Lars Jørgen Tvedt (programmerar i NRK TV) - Marit Holmquist Fenne, Linn Dahler, (Direktetekstar) - Marte Halsør.

Nye jobbar andre halvår 2021



FAST I TV2: Trine Svanholm Misje er klar for å skrive fleire saker på nynorsk i TV2.

Rekna ikkje med å få fast jobb så raskt

Trine Svanholm Misje byrja som nynorskpraktikant i januar 2020. No har ho fått fast jobb i TV 2.

– Det er veldig kjekt å ha fått fast jobb. Eg skal innrømme at eg hadde rekna med at eg måtte gå nokre år til, minst, på midlertidige kontraktar, så eg er både takksam og kry over å ha fått fast jobb no, seier Trine Svanholm Misje.

Trine Svanholm Misje hadde ikkje vore borti journalistikk frå før, då ho i januar 2020 starta som praktikant på kull 32 ved NRK Nynorsk mediesenter. Ho viste likevel tidleg talent for nyhendejournalistikk. Seinare hadde ho praksis i innanriksredaksjonen i NRK Nyhende på Marienlyst, og arbeidde der til ho byrja i eit vikariat i nyhenderedaksjonen i TV 2 i mai 2021. Den førebels siste stoppen på reisa er altså fast jobb i TV 2.

– Eg må berre seie at eg hadde ikkje fått fast jobb no utan NRK Nynorsk mediesenter. Det er heilt sikkert. Eg hadde ikkje journalistisk erfaring då eg starta, så den grundige opplæringa og praksisen vi fekk på mediesenteret synest eg er gull verdt. Så til dei som vurderer å søkje – ikkje nøl, berre gjer det!

Misje kom til TV 2 kort tid etter at kanalen hadde opna for at journalistane sjølve skulle få velje kva skriftspråk dei vil bruke på TV2.no. Sidan då har den tidlegare nynorskpraktikanten vore blant dei ivrigaste bidragsytarane på nynorsk.

– Riksmedia treng meir nynorsk. Det skal eg gjere mitt for å bidra med.

Eg hadde ikkje fått fast jobb no utan NRK Nynorsk mediesenter

Ho er ny redaksjonssjef



Berigt Sønstebo Svendseid erstattar ein annan tidlegare nynorskpraktikant som redaksjonssjef i NRK Vestland i Bergen.

– Journalistikken vår betyr mykje for folk på Vestlandet, og det er viktig at dei kjenner seg att i sakene vi lagar. Det kjennest veldig meiningsfylt å få jobbe med det, seier Svendseid.

I haust byrja ho som ny redaksjonssjef for NRK Vestland i Bergen. Stillinga har vore ledig sidan Sølve Rydland slutta og vart redaktør i Avisa Nordhordland i august. Med andre ord: Her går ein tidlegare nynorskpraktikant ut – og ein annan kjem inn. Svendseid har tankar om å vidareføre arbeidet i redaksjonen.

– Radio- og tv-sendingane våre når allereie veldig mange, og vi skal få endå fleire til å oppdage alt gullet vi har på lufta kvar dag, seier ho.

I NRK Vestland har telemarkingen mellom anna leia samarbeidsprosjektet «Den store folkevandringa», og i haust var ho prosjektleiar for valet.

[Leiar nytt NRK P2-program](#)

Martha Våge og Kjersti Anderdal Bakken er leiarar for det nye programmet «Kompass».

Radioprogrammet tek for seg trua, livssynet og verdiane folk navigerer etter i samfunnet. Det første programmet gjekk på lufta 18. oktober.

– Eg håper Kompass kan gjere det enklare å snakke om religion og kva ein trur på i lunsjen på jobb. Det er viktig for å lære å kjenne kvarandre, seier Martha Våge.

Våge var praktikant på kull 24 og kjem frå programmet Dagens på NRK P1. Ho har også jobba i Studio 2 på NRK P2. Ho er programleiar saman med Kjersti Anderdal Bakken, som var praktikant på kull 24. Ho har mellom anna jobba i Kveldsåpent og Norgesglasset på NRK P1.

Her driv tidlegare praktikantar heile den vesle nettredaksjonen



FRAMTIDA: Bente Kjøllesdal (f.v.), Ingvill Leirfall Eide og Birgitte Vågnes Bakken.

Tre år etter at ho byrja som praktikant, fekk Birgitte Vågnes Bakken fast jobb i Framtida. Der utgjer ho no Oslo-redaksjonen saman med berre tidlegare nynorskpraktikantar.

– Det er veldig triveleg. Det blir naturlegvis ein del intern humor, og det blir fort til at vi trekker fram historier frå tida i Førde eller seinare i praksis og jobb i NRK og korleis vi opplevde det, seier Birgitte Vågnes Bakken.

Ho var praktikant på kull 29 i 2018-2019, før ho var vikar i innanriksredaksjonen i NRK fram til oktober 2020. Eitt år seinare fekk ho fast jobb i Framtida.

Frå før har både Bente Kjøllesdal og Ingvild Eide Leirfall fast jobb i Framtida. Dermed utgjer tidlegare nynorskpraktikantar heile redaksjonen i Oslo.

Det blir naturlegvis ein del intern humor

«Solid leverandør av dyktige journalistar»

Redaktør Svein Olav Langåker i Framtida er godt nøgd med å ha tilsett nok ein tidlegare praktikant fra NRK Nynorsk mediesenter.

– NRK Nynorsk mediesenter har vist seg å vere ein viktig og solid leverandør av dyktige journalistar for oss i Framtida.no. Bakgrunnen frå Førde er eit godt kvalitetsteikn. Journalistane som kjem derifrå har òg ofte ein variert utdanningsbakgrunn frå fleire stader. Det er ein styrke. Når dei då i tillegg får ei så god opplæring og praksis i både journalistikk og godt nynorsk mediespråk i Førde, så blir det ein vinnarkombinasjon som gir gode nynorskskrivande journalistar, seier Langåker.



I ei undersøking framtida.no gjennomførte for to år sidan, viste det seg at journalistutdanningane på høgskular og universitet har knapt med nynorskskrivande studentar. NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter i Førde lærer opp fleire nynorske journalistar enn resten av Noreg.

– Det seier litt om kor viktig opplæringa i Førde er for framtida til nynorsk som mediespråk – og kor viktig det er å utdanna fleire nynorskskrivande journalistar. Vi har hatt fleire journalistar før med bakgrunn frå Førde, og har opplevd at fleire har gått vidare til gode og attraktive jobbar i mediebransjen, seier Langåker.

Ruset går tilbake til journalistikken

Frå januar 2022 er Inger Johanne Ruset debattjournalist i Sunnmørsposten.

Ruset var praktikant på kull 18, og hadde praksis i NRK Møre og Romsdal. Etter fleire år som rådgjevar i Noregs Ungdomslag i Oslo, vender ho heimover.

– Journalistrolla er den eg har identifisert meg mest med. Det er eit viktig samfunnsoppdrag, som passar godt til ei nysgjerrig sjel som meg, seier ho.

Ho ser fram til å kunne arbeide meir analytisk i rolla som debattjournalist. I ei pressemelding skriv ansvarleg redaktør i Sunnmørsposten, Hanna Relling Berg, at Ruset skal skrive eigne kommentarar og redigere innsendt debattstoff.

Fekk fast jobb – no skal Elias gjere Stavanger Aftenblad betre på video

Elias Håvarstein fekk nyleg fast jobb som journalist med TV- og videokompetanse i Stavanger Aftenblad.



– Eg er ein del av den nyoppstarta Storby-redaksjonen til Aftenbladet, som òg består av seks andre unge journalistar som lagar stoff retta mot unge. Det er eit veldig kreativt miljø, med mykje rom for å gjere ting på litt andre måtar enn den vande tralten, seier Elias Håvarstein.

Han var heilt utan journalistisk erfaring, då han byrja som praktikant på kull 31 ved NRK Nynorsk mediesenter hausten 2019. Han hadde ekstern praksis i NRK Rogaland og var etterpå vikar i NRK Vestland og NRK Rogaland. Frå januar 2021 har han arbeidd i Stavanger Aftenblad sin Byas-redaksjon, der han var ein handplukka profil i ei podkastsatsing retta mot unge.

No har rogalendingen takka ja til ei stilling som formelt heiter journalist med TV/video-kompetanse. Han skal med andre ord gjere Aftenbladet betre på video, mellom anna til sosiale medium.

– Det er kjekt at mediesenteret bidrar også til andre mediehus enn berre NRK. Avisene er ute etter kompetansen mange av praktikantane opparbeider seg i NRK, og vi ser at det er ein stor fordel å beherske både tekst, video og lyd. Då kan praktikantane vere med og løfte avisene på slikt som videoinnhald og podcast, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu ved NRK Nynorsk mediesenter.

Nye kostar på plass for nynorskprisen

Jens Kihl er ny medlem i juryen for nynorskprisen 2021-2025. Rune Fossum Lillesvangstu er ny sekretær for juryen.



JURYEN: Øystein A. Vangsnes, Solveig Barstad og Jens Kihl. Foto: Rune Fossum Lillesvangstu, NRK

Kulturdepartementet har plukka ut ein ny jury for nynorskprisen for journalistar. I juryen sit no Solveig Barstad (programleiar i TV2), Øystein A. Vangsnes (professor ved Universitetet i Tromsø) og Jens Kihl (politisk kommentator i Bergens Tidende). Dei har konstituert seg og valt Solveig Barstad som leiar.

Leiaren ved NRK Nynorsk mediesenter har vore sekretær for juryen sidan mediesenteret vart opna i 2004. Denne rolla har Magni Øvrebotten hatt sidan den gongen og fram til sommaren 2021, då ho gjekk av med pensjon. Frå mai 2021 har Rune Fossum Lillesvangstu vore leiar ved NRK Nynorsk mediesenter, og såleis er han frå denne hausten ny sekretær for juryen.

Dette er praktikantane på kull 36



Kristina Kassab Liland (1997), frå Nærbø i Rogaland. Starta i august på ein master i Museologi og Kulturarvstudier ved universitetet i Oslo. Har ein bachelor i tysk frå same universitet. Ho har hatt sommarjobb og vore frilansar i nettavisa Framtida.no. Ho er ein av grunnleggarane i studenttidsskriftet trass! Ho har vakse opp i ein tospråkleg familie, der dei veksle mellom norsk og arabisk.

Ingeborg Grindheim Slinde (1995), frå Bergen i Vestland. Har ein master i statsvitenskap frå Universitetet i Oslo. Ho har også ein bachelorgrad i internasjonale studiar. Ho har arbeidd som journalist i Sogn Avis, Universitas og Dagsavisen. Ho har hatt bokmål som hovudmål, men har vaks opp i ein nynorskfamilie, og no vil ho vere med og fremje nynorsk som kvardagsspråk gjennom media.

Kasper Valestrand (1990), frå Masfjorden i Vestland. Har ein bachelor- og mastergrad i samanliknande politikk frå Universitetet i Bergen. Han har vore aktiv i studentradioen i Bergen, som journalist, produsent og programleiar, og var ein periode også dagleg leiar. No arbeider han som vikar på skule og frilansjournalist i avisa Strilen i Nordhordland.

Ingrid Gulbrandsen Årdal (1996), frå Jølster i Vestland. Har ein master i Nordisk språkvitskap frå Universitetet i Bergen og ein bachelor i nordisk språk- og litteraturvitenskap. Ved sida av studia har ho arbeidd som førstesekretær ved Universitetet i Bergen, der ho produserer innhald til sosiale kanalar. Ho har hatt sommarjobb i avisa Firda, og har jobba i studentradioen i Bergen i studietida.

Oda Flaten Lødemel (1993), frå Sykkylven i Møre og Romsdal. Kjem frå ei stilling i Synlighet As, der ho arbeider med søkemotoroptimalisering og som innhaldskonsulent. Ho har både bachelor- og mastergrad innan spansk språk og latinamerikastudiar. Ho har vore praktikant på den norske ambassaden i Buenos Aires, og i sommar var ho som journalist i Sunnmørsposten.

Kull 35 er klare for ekstern praksis



Kull 35: Erlend Skorpetveit Aga (f.v.), Adan Hassan Tassamma, Maria Gunnarsdotter Svedal, Ingeborg Undheim og Erlend Østrem Djukastein. Foto: Brit Jorunn Svanes

Frå 3. januar og ut februar skal nynorskpraktikantane på kull 35 i ekstern praksis. To praktikantar skal til distriktskontora i Bergen og Stavanger, medan dei tre andre er fordelt på NRK Innanriks og NRK Direkte på Marienlyst.

– Vi har sendt ifrå oss ein svært kjekk og flink gjeng med praktikantar. Eg håpar og trur at vi har funne gode løysingar – både for praktikantane og dei velvillige redaksjonane. No kryssar vi fingrane for at det let seg gjere å vere fysisk på arbeidsplassane, og at ikkje pandemien øydelegg for praksisen, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu i NRK Nynorsk mediesenter.

Praksisplassane for kull 35

- Maria Gunnarsdotter Svedal – NRK Vestland, Bergen
- Erlend Skorpetveit Aga – NRK Direkte, Marienlyst
- Adan Hassan Tassamma – NRK Rogaland, Stavanger
- Ingeborg Undheim – NRK Direkte, Marienlyst
- Bjørne Østrem Djukastein – NRK Innanriks, Marienlyst

Kvar blir nynorskpraktikantane av?

Per 22. desember 2021 har vi lært opp 175 nynorskpraktikantar. 58,9 prosent av dei arbeider i media. 39 prosent er i NRK. 13 prosent i avisar/nettavisar og 7 prosent i andre media (TV 2, Radio 1). Utanom media arbeider vel 15 prosent med informasjon, språk og reklame.

Vi har tidlegare praktikantar i radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: NRK P3, Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Ekko i P2 og Kveldsåpent i NRK P1. Vidare er det tidlegare praktikantar ved NRK-kontora i Alta, Tromsø, Bodø, Trondheim, Ålesund, Førde, Bergen, Stavanger, Porsgrunn og Lillehammer.

Det er også journalistar herifrå som er nyhendeanker og reporter i TV 2, nyhenderedaktør i Nationen, frontsjef i Vårt Land, redaktør i avis Nordhordland og journalistar i VG, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Drammens Tidende, Fjordenes Tidende og Telemarksavisa.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving i t.d.: Statsministerens kontor, Valdirektoratet, Språkrådet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag og Røde Kors.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla. Dei andre finn du på nettsida www.nynorskmediesenter.no. Der skal vi vere oppdaterte på kvar dei er, så sant dei sjølv hugsar å melde frå om byte av arbeid og studium.

Kull 34: 4. januar – 30. juni 2021



Åshild Slåen (1995) er vikar i NRK Innlandet, **Martha Linnea Pukallus** (1999) er frilansfotograf og -journalist, **Synne Sørenes** (1994) er vikar i NRK Vestland i Bergen, **Ingeborg Kløve-Graue** (1994) er konsulent i Helse Bergen og **Oddgeir Sæle** (1991) er vikar i NRK Vestland i Førde.

Kull 33: 19. august 2020 – 28. februar 2021



Lidvard Sandven (1996) er vikar ved lokalkontoret til NRK Vestland i Hardanger, **Eirin Tjoflot** (1994) er vikar i nettredaksjonen NRK.no, **Seline Larsen** (1998) er vikar i Fjordenes Tidende, **Linn Haug Eide** (1994) er doktorgradsstipendiat og **Per-Ivar Kvalsvik** (1993) er vikar i NRK Møre og Romsdal.

Kull 32: 6. januar – 30. juni 2020.



Sjur Mikael Dolve (1999) er tilkallingsvikar i NRK Vestland i Bergen og studerer journalistikk ved Universitetet. **Astrid-Amalie Heldal** (født 1999) studerer nordisk ved Universitetet i Oslo. **Trine Svanholm Misje** (1993) er fast tilsett i TV 2 og **Emily Louisa Millan Eide** (1993) er vikar i kultur og underholdning i NRK Nyhende. **Guro Brattespe Lahus** (1993) er vikar i Opptur-redaksjonen i NRK.

Kull 31: 19. august 2019 – 29. februar 2020.



Elias Håvarstein (1996) er fast tilsett som journalist med TV- og videokompetanse i Stavanger Aftenblad. **Oda Elise Svelstad** (1993) er vikar i kultur og underholdning i NRK Nyhende, **Lars Volldal** (1987) frilansar, **Vilde Gjerde Lied** (1995) frilansar og **Hans Ivar Moss Kolseth** (1995) fast tilsett i NRK Trøndelag.

Kull 30: 3. januar – 30. juni 2019



Tonje Noreng Trøen (1992) er lærar ved Førde norsksenter, **Ragnhild Voreland** (1995) er presse- og informasjons-offiser på Haakonsvern, **Idunn Lavik** (1995) er juss-student, **Ola Weel Skram** (1991) er redaktør i Porten.no og **Magnus Helle** (1995) er vikar i NENT (Nordic entertainment group).

FAKTA OM TRE SØSTERTILTAK:

NRK Nynorsk mediesenter – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Rune Fossum Lillesvangstu

NRK FleRe – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Oslo og Viken i Oslo. Leiar: Iram Ansari.

Nynorsk avissenter – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avis Firda i Førde. Leiar: Ingunn Osland

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk mediesenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjarar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15.oktober.